# Budsjettforslag frå Raudt og SV

<table>
<tr><th></th><th>Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettvedtak</th><th>Endringsforslag</th></tr>
<tr><td>1.</td><td>Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til driftsbudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 slik det ligg føre.<br><br>Nedtrekk kyrkje – til gjennomsnittlig gruppe 10 etter kostra tal.</td><td>Med følgjande endringar:<br>
<table>
<tr><th>Konto / avdeling /prosjekt</th><th>Inntekt</th><th>Utgift</th></tr>
<tr><td>Overført frå investeringsbudsjettet</td><td>1</td><td></td></tr>
<tr><td>Frie middlar (AP / SP budsjett)</td><td>16.7</td><td></td></tr>
<tr><td>Nedtrekk kirke</td><td>7,5</td><td></td></tr>
<tr><td>Politikar godtgjering – 10%</td><td>1,7</td><td></td></tr>
<tr><td>Vakant stilling MO</td><td></td><td>700</td></tr>
<tr><td>Vakant stilling PPT</td><td></td><td>750</td></tr>
<tr><td>Nedlegging Skålevik skule</td><td></td><td>2 500</td></tr>
<tr><td>Spesialundervisning</td><td></td><td>907</td></tr>
<tr><td>Reduksjon SFO</td><td></td><td>688</td></tr>
<tr><td>Vakant stilling PPT</td><td></td><td>750</td></tr>
<tr><td>Heimetenesta – 8 nye årsverk (pkt 14)</td><td></td><td>5600</td></tr>
<tr><td>Fysioterapi med refusjonsrett, 2 nye stillingar</td><td></td><td>1400</td></tr>
<tr><td>1 årsverk kultur – oppretthalde bibliotektilbod Rong / Skogsvåg</td><td></td><td>700</td></tr>
<tr><td>Lærarnorm grunnskulen</td><td></td><td>2418</td></tr>
<tr><td>Reduksjon assistent / fagarbeidar</td><td></td><td>458</td></tr>
<tr><td>Leiingsressurs skule / merkantil / leiing SFO</td><td></td><td>605</td></tr>
<tr><td>Barnehage – justering nivå bemanning</td><td></td><td>1700</td></tr>
<tr><td>Forebyggande heimebesøk eldre</td><td></td><td>741</td></tr>
<tr><td>Generelt ned trekk skule</td><td></td><td>3300</td></tr>
<tr><td>Kultur kommunal regi</td><td></td><td>700</td></tr>
<tr><td>Tilskot og søknadar jfr pkt. 14<br>Skulptur Kleppevik 150 000<br>Fagleg opplegg Fjell festning 1 073 200<br>Vassledning Syltøy 617 786<br>Straume Idrettspark 350 000</td><td></td><td>2 969</td></tr>
<tr><td>Sum</td><td>26,9</td><td>26,9</td></tr>
</table></td></tr>
<tr><td>2.</td><td>Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til investeringsbudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 slik det ligg føre.</td><td>Med følgjande endringar:<br>
<table>
<tr><th>Konto / avdeling /prosjekt</th><th>Inntekt</th><th>Utgift</th></tr>
<tr><td>NAV Møbler</td><td>1 000 000</td><td></td></tr>
<tr><td></td><td></td><td></td></tr>
<tr><td>Sum</td><td>1 000 000</td><td></td></tr>
</table></td></tr>
<tr><td>3.</td><td>Skatt til kommunen vert skrive ut med maksimalsatsane.</td><td></td></tr>
<tr><td>4.</td><td>Øygarden kommunestyre vedtar låneopptak til diverse investeringar med kr 80 mill i 2022.</td><td></td></tr>
<tr><td>5.</td><td>Øygarden kommunestyre vedtar låneopptak til vidareutlån (Startlån) med kr 85 mill i 2022.</td><td></td></tr>
<tr><td>6.</td><td>Med heimel i eigedomsskattelova (esktl) § 2 skriv kommunestyret ut eigedomsskatt for året 2022. For eigedomsskatteåret 2022 skal det skrivast ut eigedomsskatt berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. esktl § 3 første ledd bokstav c.<br><br>Kommunen vil i 2022 skriva ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i samhøve med</td><td>Skatt på verk og bruk skal vidareførast. Verk og bruk tilkomne etter 2019 skal og omfattast av dette.<br><br>Det er ynskjeleg med utgreiing av skatt på sekundærboligar for å sjå om det kan innførast frå 2023.</td></tr>
</table>

| | | |
|---|---|---|
| | overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2022 vera lik 3/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 er rekna som næringseigedom.<br><br>Kommunen vil i 2022 skriva ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blei rekna som næringseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 andre ledd.<br><br>Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2022 er 7 promille for skatteobjekt i gamle Øygarden kommune, 7 promille for skatteobjekt i gamle Fjell kommune og 6 promille i gamle Sund kommune.<br><br>Takstvedtekter for eigedomsskatt i Øygarden kommune vedteke i kommunestyret 19.12.2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2022, jfr. esktl § 10.<br><br>Eigedomsskatten vert skriven ut i 4 terminar jfr esktl § 25 første ledd. | |
| 7. | Gebyr og brukarbetaling, vedteke i eigen sak, vert gjort gjeldande for budsjett 2022. | |
| 8. | Tilskot til Øygarden brann og redning KF er på kr 31 142 000 for 2022. | |
| 9. | Tilskot til Øygarden bustadutvikling KF er på kr 1 800 000 for 2022. | |
| 10. | Tilskot til Øygarden næringsutvikling KF er på kr 3 500 000 for 2022. | |
| 11. | Tilskot til Øygarden kyrkjelege fellesråd er på kr 29 773 000 for 2022. I tillegg vert reinhaldstenester (verdi kr 720 000) og rekneskapstenester (verdi kr 700 000) gjeve som tenesteyting. | Nedtrekk med 7.5 til 22 273 000. Det vert harmonisert til KOSTRA tal i samsvar med KOSTRA tala for gruppe 10 med samanlignbare kommuner.<br>I og med at reinhald og rekneskap framleis er halde utanom er det 1.42 over KOSTRA også i 2022. Det må derfor takst med at ytterlegare reduksjon må koma i 2023. |
| 12 | Kommunestyret vedtek budsjett for kontrollutvalet, kr 1 738 000 i tråd med framlegg frå kontrollutvalet. | |
| 13 | Kommunestyret vedtek å innføra betalt lunsjpause for tilsette i einingar der den reduserte arbeidstida ikkje må erstattast. Det | Betalt matpause = tilsette er tilgjengeleg heile tida.<br>Ikkje betalt matpause = Tilsette treng ikkje være tilgjengelege heile tida.<br>Dei som kan forlate arbeidsplassen skal ikkje ha betalt matpause. |

| | | |
|---|---|---|
| | er ein føresetnad at arbeidet vert organisert slik at oppgåveløysing og tenestetilbod ikkje vert svekka som følgje av ordninga. | Det må då takast ei vurdering på kven som treng være tilgjengelege og kven som kan forlate arbeidsplassen og dette må harmoniserast i alle avdelingar, jfr. arbeidsmiljølova. |
| 14 | Auka stillingar i heimetenesta | Heimetenesta melder at dei manglar 8,5 årsverk for å ha dekning ut i frå tildelte timar. Det er mykje, og ein vil kunne spare inn mykje på vikarbruk og sjukmeldingar med å få på plass disse årsverka. |
| 15 | Straumutgifter | Det må leggast inn strengare reglar for straumbruk.<br>- Dataskjermar skal slåast av etter arbeidsdag slutt<br>- Lys skal automatisk sløkkjast kl.20.00<br>- Nye kontorbygg skal det investerast solcellepanel på tak for å spare straum<br>- Det skal ned setjast eiga gruppe for å arbeide med straumsparing i kommunale bygg og anlegg. |
| 16 | Sosialhjelp | Det vart i samband med budsjett for 2021 gjort vedtak om at det kun skal takast omsyn til 3 born i kvar familie. Dette har seinare kome skriv frå Statsforvaltaren om at det ikkje er anledning til å setje slike grenser, då sosiallova sei at det skal takast omsyn til reelle utgifter hjå kvar familie.<br>Det vert anmoda om at administrasjonen gjer ei vurdering på om det å opprette ekstra stillingar. Tettare arbeid med sosialhjelpsmottakarane vil gi betre bistand til å få dei vidare ut i arbeid / tiltak / trygd og på den måten redusere utgiftene over tid. Det vert å kome attende til i revidert budsjett.<br>Det bør til budsjettet 2023 bestillast eit arbeid om å auke sosialhjelpsutbetalingane til statens anbefalte satsar. Det vil ta ned saksbehandlingstid og gjere den einskilde mottakar meir i stand til å planlegge sin økonomi, jamfør Bergen kommune. Det vil truleg ikkje gi auka sosialhjelp til den einskilde, men dei slepp å søke om tilleggsytelsar som klede, medisin osv. osv. |
| 17 | Auke fysioterapitenesta 2 årsverk | Øygarden kommune manglar 8 årsverk med fysioterapisteneste samanlikna med andre kommunar i kostra gruppe 10. Det er tidlegare fatta vedta i UTL at auke i fysioterapi vert å kome attende til i budsjettet. Med to nye stillingar vil ein kome noko betre ut og fleire vil komme i gong med fysikalsk behandling innan rimeleg tid. |
| 18 | Reduksjon i kjøp av private tenester frå 2023 kr | Det er mykje å spare på å gå frå kjøp av private tenester til å ha eigne kommunale tenester. Det bør kunne gi 20 mill. i ekstra inntening innan utgangen av 2023. |
| 19 | Årsverk kultur | Dette vert tatt inn igjen i budsjettet, men skal være til å drifte biblioteka på Rong og Skogsvåg. |